



Møteprotokoll

Bjergvin bispedømeråd 2020-2023

Møtedato: 02.02.2021 kl. 13:00
Møtestad: <https://pexip.me/meet/91337444>
Arkivsak: 19/04260

Til stades: Halvor Nordhaug, Jan Ove Fjellveit, Oddny Irene Miljeteig, Vemund Atle Øiestad, Per Hilleren, Solaug Anita Apelthun Sæle, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Kjersti Gautestad Norheim, Berit Bakke

Møtande varamedlemer: Berit Bakke for Astrid Fylling

Forfall: Nora Sætre Baartvedt

Andre:

Protokollfører: Jan Ove Fjellveit

| SAKSLISTE | Side |
|--|------|
| Godkjenning av innkalling og saksliste | |
| 1/21 Saksliste Bjergvin bispedømeråd 2020-2023 02.02.2021 | 2 |
| Godkjenning av protokoll | |
| 2/21 Protokoll Bjergvin bispedømeråd 15.12.2020 | 2 |
| Saker til behandling | |
| 3/21 Mandat for "Ressursgruppe for berekraft: miljø, forbruk og rettferd" | 2 |
| 4/21 Strategi og satsing i Bjergvin 2021 - 2024 | 3 |
| 5/21 Strategi for Den norske kyrkja 2022-2025 - Høyringsuttale frå Bjergvin bispedømeråd | 4 |
| 6/21 Bjergvin bispedømeråd - Årsplan 2021 - innspel | 7 |
| 7/21 Bjergvin bispedømeråd - Kultursatsing Underskuddsgaranti | 7 |
| 8/21 Bjergvin bispedømeråd - Høring ressursfordeling menighetsprester | 7 |
| Orienteringssaker | |
| 9/21 Bjergvin diakoniutvalg - referat 2020 | 8 |
| 10/21 Rapport fra kirkens deltakelse på Alternativmessen | 8 |
| Tilsettingssaker | |

Bergen, 17.02.2021

Jan Ove Fjellveit
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

1/21 Saksliste Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 02.02.2021

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 1/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent

Godkjenning av protokoll

2/21 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 15.12.2020

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møteprotokoll frå møte i BBDR 15. desember 2020 vert godkjent

Saker til behandling

3/21 Mandat for "Ressursgruppe for berekraft: miljø, forbruk og rettferd"

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 3/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtar mandat for «Ressursgruppe for berekraft: miljø, forbruk og rettferd» i samsvar med utvalet, administrasjonen sitt framlegg og dei merknader som kom fram i møtet.

4/21 Strategi og satsing i Bjørgvin 2021 - 2024

| | | |
|-----------------------------------|------------|-------|
| Behandla av | Møtedato | Saknr |
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 4/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Kyrkja i Bjørgvin vil i perioden 2021 – 2024 særleg arbeide for at

1. fleire i Bjørgvin vert døypte ved å

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gåve som ein mottek i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva

2. kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan

- vere – og finne trygge og gode møteplassar
- skape – og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar
- bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
- tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap

3. det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å

- inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste
- nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
- fremje gjevarteneste

4. kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å

- la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
- fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
- utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet

5. kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling

Kyrkja i Bjørgvin vil nå sine mål ved å vere:

- Open
- Synleg
- Nær

5/21 Strategi for Den norske kyrkja 2022-2025 - Høyringsuttale frå Bjørgvin bispedømeråd

| | | |
|-----------------------------------|------------|-------|
| Behandla av | Møtedato | Saknr |
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 5/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtar fylgjande høyringsuttale:

Høyringssvar frå Bjørgvin om strategi for Den norske kyrkja 2022-2025:

Bjørgvin biskop og bispedømeråd takkar for høvet til å gje høyring på framlegget til strategi for Den norske kyrkja 2022-2025.

Strategi heilt utan Jesus, heilt utan Gud?

Det vekker undring at ein har vald ein strategi som ikkje nemner Jesus og ikkje nemner Gud. Då går ein vekk frå det som har vore ein god tradisjon for kyrkja sine strategiar tidlegare, og som på ein særleg måte karakteriserer kyrkja sitt vesen og eigenart.

Visjon:

Bjørgvin biskop og bispedømeråd støttar framlegget om å halda på den visjonen ein har fordi ein bør ha den same over tid.

A. Identitetsbeskrivelse:

Å seia noko om kyrkja sin identitet utan å ha med Jesus og ikkje nemna Gud er eit drastisk steg. Vi saknar ein argumentasjon for dette grepet. Vi meiner det er viktig å vera tydeleg på trusdimensjonen og det som er unikt for kyrka til skilnad frå eit konsern, og ta vare på ein god tradisjon frå kyrkja sine strategiar tidlegare.

Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil tru at ingen i kyrkja ønsker å tona ned trusdimensjonen, og vil difor be om at ein brukar same formuleringar som i det noverande visjonsdokumentet:

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere

vedkjennande

Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.

open

Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.

tenande

Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.

misjonerande

Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

Bjergvin biskop og bispedømeråd vil gå for eit utvida alternativ 1. For sjølv om dei fire kjerneorda er kjente, fungerer dei ikkje godt som identitetsmarkørar viss dei ikkje tydeleg er knytt til vår oppdragsgjevar og vårt oppdrag. Me må våga å seia at kyrkja sin identitet er å vitna i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus. Dei fire kjerneorda er så ein reaksjon på dette og gjev seg utslag i gudstenester, undervisning, misjon og diakonalt arbeid. Eventuelt kan arbeidsformene koma inn i identitetsskildringa, og det at ein er folkekyrkje markerast slik (utvida alternativ 1):

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

- *Vedkjennande - Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.*
- *Open - Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.*
- *Tenande - Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.*
- *Misjoneringande - Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.*
- *Folkekyrkje - evangelisk-luthersk, landsdekkande og demokratisk*

B. Tre formålskategorier med tilhørende målbeskrivelser

Bjergvin biskop og bispedømeråd ser at denne inndelinga er ryddig og gjev plass til organisasjonssatsingar ved sida av dei ideologisk viktige, men alle titlane er ikkje vellukka og speglar ikkje kyrkja sin identitet.

Det fyrste punktet må vera «Kyrkja som trussamfunn» i staden for «Kyrkja for medlemmane», for kyrkja er medlemene og ikkje organisasjonen. Dette må følgast av ein «målbeskrivelse» som er tydeleg på dette at det er håp og frelse kyrkja gir.

Dei to andre kategoriane fungerer: «Kyrkja i samfunnet» og «Kyrkja som organisasjon».

C. Målbeskrivelse

Bjergvin biskop og bispedømeråd meiner at «målbeskrivelsen» må vera tydeleg på at det er håp og frelse kyrkja gir og dette må koma fram under «Kyrkja som trussamfunn».

Når det gjeld «Kyrkja i samfunnet» tar fleire i vår lokale høyring til orde for å byta aktiv med verdiskapande, men aktiv er eit betre ord for kyrkja, verdiskapande kan i våre øyrer høyrast meir ut som eit konsern-ord.

Viss denne forma for strategioppsett skal danna modell for alle nivå i kyrkja er det viktig å ha med formuleringar som gjev gjenkjenning. Og det har kyrkja alt vedtatt då kyrkjemøtet vedtok Kyrkjeordninga (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-03-30-2307>), der alle kyrkja sine demokratisk valde organ sokneråd, bispedømeråd og kyrkjemøtet har same formulerte oppgåve: «*ha sin oppmerksomhet henvendt på [...] alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene*». Kyrkja som organisasjon kan ikkje ha andre mål enn dei demokratisk valde organa. Det er ingen grunn til å setja denne innarbeidde formuleringa som gjev gjenkjenning og identitet, og som alt fungerer på alle nivå, til side. Vi foreslår difor at denne formuleringa kjem inn i strategien som «målbeskrivelse».

Bjergvin biskop og bispedømeråd foreslår at formålscategoriar og «målbeskrivelse» endrast slik:

Kyrkja som trussamfunn

*Kyrkja gir fellesskap, og formidlar
håp og frelse i Jesus Kristus til menneske*

Kyrkja i samfunnet

*Kyrkja er ein aktiv
samfunnsaktør og
kulturinstitusjon*

Kyrkja som organisasjon

*Kyrkja har ein velfungerande
organisasjon som har si merksemd
vendt på alt som kan gjerast for å vekke
og nære det kristelege liv i kyrkjelydane*

og

Kirken som trossamfunn

*Kirken gir fellesskap, og formidler håp og
frelse i Jesus Kristus
til mennesker*

Kirken i samfunnet

*Kirken er en aktiv
samfunnsaktør og
kulturinstitusjon*

Kirken som organisasjon

*Kirken har en velfungerende
organisasjon som har sin oppmerksomhet
henvendt på alt som kan gjøres for å vekke
og nære det kristelige liv i menighetene*

D. Nasjonale satsingsområder

Bjergvin biskop og bispedømeråd foreslår (i høyringsspørsmålet sin rekkefølge):

- Kyrkja i samfunnet: Klima og miljø, Kunst og kultur
- Kyrkja som trussamfunn (Kyrkja for medlemmane): Barn og unge, Dåp
- Kyrkja som organisasjon: Frivillige, Rekruttering

Dette samsvarar med dei satsingsområde som ein er komen fram til i bispedømet sin eigen strategiprosess og dei har difor god forankring i bispedømet.

Bjergvin biskop og bispedømeråd vil til slutt gje uttrykk for at i ei så viktig sak som den nasjonale strategi hadde det vore ynskjeleg med ein breiare prosess over lengre tid.

6/21 Bjørgvin bispedømeråd - Årsplan 2021 - innspel

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 6/21 |

Forslag til vedtak

Bjørgvin bispedømeråd drøfta årsplan 2021 og gav innspel til å lande endeleg plan i mars.

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd drøfta årsplan 2021 og gav innspel til å lande endeleg plan i marsmøtet.

7/21 Bjørgvin bispedømeråd - Kultursatsing Underskuddsgaranti

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 7/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd gjev underskotsgaranti på inntil kroner 100.000 for utstilling av Gullvåg i Bergen Domkyrkje. Det vert arbeidd med tydeleg plan for inntektsbringande tiltak.

8/21 Bjørgvin bispedømeråd - Høring ressursfordeling menighetsprester

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|-----------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 8/21 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjergvin bispedømmeråd støtter dei endringane som kyrkjerådet fremjer i sak om ressursfordeling av kyrkjelydsprestar. Bjergvin bispedømmeråd ber kyrkjerådet om ei evaluering kvart tredje år for å sjå om det oppstår uheldige utslag.

Orienteringssaker

9/21 Bjergvin diakoniutvalg - referat 2020

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|------------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 9/21 |

Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Referat vert tatt til orientering

10/21 Rapport fra kirkens deltakelse på Alternativmessen

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|------------------------------------|------------|-------|
| 1 Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023 | 02.02.2021 | 10/21 |

Møtebehandling i Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023 02.02.2021:

Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Rapport vert tatt til vitande.

Representant til regionalt pilegrimssenter i Selje

(Saka kom seint inn, og er ikkje tildelt saksnr.)

Bjergvin bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Bjergvin bispedømmeråd oppnemner Vemund Øiestad til regionalt pilegrimssenter i Selje.